



Fylkesmannen i Aust-Agder
Landbruksavdelingen

Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8007 Dep

0030 Oslo

Dykkar ref.
14/536

Vår ref. (må givast opp ved svar)
Sak nr. 2014/3047 / FMAAKJS

Dato
20.10.2014

Hørings svar – forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket

Fylkesmannen i Aust-Agder viser til brev frå Landbruks- og matdepartementet datert 09.07.2014 om høyring av forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket. Fylkesmannen i Aust-Agder har merknader til følgjande punkt i forslaget til ny forskrift:

Botnfrådraget og fjerning av kravet om mva.-registrering eller omsetning over 20 000 kr

Mva.-kravet og 20 000-grensa fungerte ikkje godt nok som avgrensing mot hobbyjordbruksdrift fordi omsetning frå andre næringar også vart rekna med. Å fjerna kravet fører til litt mindre arbeid for Fylkesmannen fordi dispensasjonssøknadene til kravet forsvinn. Dersom det fører til fleire krevjande vurderingar om føretaket driv vanleg jordbruksproduksjon, vil fjerning av kravet gi meirarbeid for kommunane. Dobla botnfrådrag siler ut ein del, men ikkje føretaka med ekstensiv drift på over eit bestemt tal dekar og dyr. Fylkesmannen i Aust-Agder ønskjer avgrensingar mot ekstensiv drift i form av fleire minimumsgrenser for produksjon. Slike klårare definisjonar av kva som er *vanleg jordbruksproduksjon* vil gi meir likebehandling og enklare forvaltning.

Fylkesmannen i Aust-Agder føreslår at departementet vurderer å byta ut botnfrådraget med minsteutbetaling. Når først ei slik omlegging er gjort, blir minsteutbetaling rekneskapsteknisk enklare å administrera. Botnfrådrag skal tilbakeførast og fordelast på dei ulike tilskotsordningane. Minsteutbetaling er også enklare å forstå for søkjarane. Harmonisering av ulike tilskotsordningar er pedagogisk, og minsteutbetaling eksisterer i ein del andre ordningar.

Oppheving av eigarskapsavgrensingane

Fylkesmannen i Aust-Agder rår departementet frå å oppheva eigarskapsavgrensingane som ligg i regelverket i dag. Ei oppheving vil føra til fleire vanskelege driftsfellesskapssaker. Kontrollen blir svært vanskeleg. Så lenge me har kvoteordning, konsesjonsgrenser og tilskot som er differensierte etter tal dyr, treng me desse eigarskapsavgrensingane.

Departementet kan heller vurderer å innføra eit unntak for økologisk landbruk for å gi desse produsentane same vilkår som i EU med tanke på parallelproduksjon.

Sanksjonar ved driftsfellesskap

Fylkesmannen i Aust-Agder er einig i endringa som departementet har føreslått i sanksjonane ved driftsfellesskap. Det er meir rimeleg å avkorta etter skuldgraden enn at alt tilskot skal avkortast alltid når forvaltninga avdekkjer driftsfellesskap.

Miljøkrava

Gjødslingsplan og sprøytejournal er definert i *forskrift om gjødslingsplan og forskrift om plantevernmidler* § 18. Departementet bør visa til desse i forskriftsteksta. Dermed får ein også presisert at kravet til sprøytejournal berre gjeld ved bruk.

Fylkesmannen i Aust-Agder meiner der er for strengt å inndra alt tilskot om eit føretak ikkje har gjødslingsplan og sprøytejournal som tilfredsstillar krava i forskriftene. Eit trekk slik som for miljøplan i gjeldande regelverk er meir rimeleg. Sanksjonen når eit føretak ikkje oppfyller miljøkrava må stå i forhold til regelverksbrotet.

Andre føretak enn avløysarlag/-ringar kan levera avløysartenester

Fylkesmannen forstår departementet sin intensjon om å likebehandla alle føretak og innføra fri konkurranse innan avløysartenester. Men me ser ikkje at dette tiltaket gjer forvaltninga enklare. I det nye forslaget ligg eit meirarbeid for kommunen med godkjenning av dokumentasjon frå ulike føretak som tilbyr avløysartenester. Denne prosedyren er nokre kommunar kjend med i dag ovanfor avløysarringar som t.d. fellesbeiter.

Fylkesmannen i Aust-Agder ser det som viktig at ikkje me mister rasjonelle saksbehandlingsrutinar sjølv om avløyning frå fleire typar føretak blir med i ordninga. Me ønskjer å halda på dei maskinelle kontrollane me har i dag for å behalda ein mest moeleg effektiv forvaltning. I dag sender avløysarlaga inn lister til Landbruksdirektoratet over avløysarkostnader hjå det enkelte jordbruksføretaket. Produksjonstilskotssøknadane vert kontrollert mot desse listene. Løna til føretaket sine eigne avløysarar vert maskinelt kontrollert mot løns- og trekkoppgåver i Skatteetaten. Dette er rasjonelle rutinar som sparer kommunane for mykje manuelt kontrollarbeid.

Me ser at avløysarlaga byggjer opp kompetanse og utgjer eit robust og fleksibelt system rundt jordbruksbedriftene. Deira korps av avløysarar/landbruksvikarar kan steppa inn for bonden i sårbare situasjonar, t.d. ved akutt sjukdom. Me ser det som uheldig om denne beredskapen vert svekka.

Fylkesmannen i Aust-Agder føreslår å halda på ordninga med at avløysarlaga får refusjon for utgifter til avløyning overført direkte. Å ta bort denne ordninga gir avløysarlaga likviditetsproblem og meirarbeid med innkrevjing frå jordbruksbedriftene.

Med helsing

Tore Haugum
landbruksdirektør

Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.
Sakshandsamar: Kjellfrid Straume, telefon: 37017577